



Sveio kommune



Næringsplan Sveio kommune 2022 - 2027



Sveio kommune er ein attraktiv kommune for både næringsliv og busetting med si unike plassering. Midt i leio, tett på infrastruktur og med gode bumiljø, - skal Sveio kommune vera ein god stad å leva og etablera morgondagens næringsliv.

Gjennom samarbeid og felles engasjement skal det arbeidast for eit næringsliv i vekst, og ein berekraftig, moderne og attraktiv bukommune. Ein stad der ein ser mogelegheiter, samt at ein har ein kultur for å møte gode initiativ og for å skapa verdiar. Sveio kommune skal vera ein kommune der aktørar ynskjer å etablera nye verksemdar og opplever at dei får god hjelp til både oppstartsfase og vidare utvikling. Kommunen skal vera ein aktiv og positiv tilretteleggjar!

Sveio kommune skal arbeida for ein oppvekstarena som gir gode grunnlag for skapande, deltakande og engasjerte ungdomar. Kommunen treng at ungdom ønskjer å leva, bu og arbeida her, - og dette grunnlaget vert skapt gjennom unge år. I eit framtidsbilette der demografien vil utfordra også Sveio kommune, vil det vera særskilt viktig å skapa begeistring og tilhøyrse hjå ungdom.

Sveio kommune har sterke naturlege fortrinn for å vera ein sentral og ettertrakta bu- og næringskommune. Gjennom dette planarbeidet har dette kome tydeleg fram, og ein ser at alt ligg til rette for både nærings-, befolknings- og besøksvekst!



Innhald

1	Innleiing	4
1.1	Effektmål	5
1.2	Målsetjing og avgrensing for plan	5
1.3	Organisering av arbeidet	5
1.4	Kort om Sveio Kommune	6
1.5	Visjon og mål	8
2	Attraktivitet og utvikling	8
3	Infrastruktur	9
3.1	Breiband	9
3.2	Veg	9
3.3	Avløp	10
3.4	Vatn	10
3.5	Mobilnett	10
3.6	Kaiar	10
3.7	Straum	10
4	Strategiske satsingsområde	10
4.1	Kommunen som tilretteleggjar	11
4.1.1	Næringsareal/etablering	11
4.1.2	Etablering	12
4.1.3	Kompetanse og innovasjon	13
4.2	Reiseliv og kultur	14
4.3	Bulyst	14
4.4	Grøn Sveio	16
4.5	Klimamål i Sveio	16
4.6	Landbruk og havnæring	17
4.6.1	Landbruk	17
4.6.2	Havnæring	18
5	Handlingsplan	19



1 Innleiing

Å driva kommunal næringsutvikling handlar om noko så enkelt, - og noko så komplisert som å leggja til rette for framtidig verdiskaping. Det er ikkje kommunen som i utgangspunktet - driv næringsverksemd, - dette er næringslivet sjølv si oppgåve. Med andre ord er det næringslivet som står for sjølve gjennomføringa av strategien i ein næringsplan, medan kommunen sitt handlingsrom ligg i rolla som samfunnsutviklar og tilretteleggjar gjennom offentlege verkemiddel og rettleiing.

Strategisk næringsplan i Sveio kommune skal utviklast i samhandling mellom næringsliv og kommune, gi retning på ønskt utvikling i framtida, og ha som mål å byggja på dei fortrinn som Sveio har.

Gjennom prosessarbeid utviklar kommunen grunnlaget for kva element ein vil ha med i planen. Dette går på hovudstrategiar, hovudmål, måleindikatorar, suksesskriterier og liknande.

Det er også viktig å ta stilling til kor detaljert planen skal vera, og korleis ein ynskjer å nytta planen når han er ferdig.

Korleis kan kommunen skapa ein levande plan med god forankring og eigarskap? Ein plan som er med og styrkar kommunen sin moglegheit til å føra ei strategisk og langsiktig tilrettelegging for næringslivet.

Me lever i tider med omstilling som gir endring for næringsliv og kundeåtferd. På same tid er noko relativt stabilt, med lengre horisontar. Innhaldet i næringsplanen blir utarbeidd saman med ulike aktørar i kommunen, for å få forankring og eigarskap til både innhald og operativ gjennomføring.

Næringsplanen skal vera eit inspirasjonsdokument og ein grunnmur. Eit levande dokument som skal utgjera ein forskjell i utviklinga vidare for Sveio kommune.

Plan skal vera eit Felles løft og ein dedikasjon mellom kommunen og næringslivsgrupperingane. I planforslaget er det lagt vekt på å få færre innspel enn i førre plan, og den skal difor gje ei meir tydleg retning.

Planen byggjer på strategiar og mål nedfelt i følgjande styringsdokument:

- Økonomiplan for Sveio kommune 2022- 2027
- Kommuneplan for Sveio kommune 2011-2023
- Kommuneplanen, strategisk samfunnsdel 2024-20
- Veikart for Haugalandet 2021-2025



1.1 Effektmål

For Sveio kommune er det viktig å ha ei framtidsretta og proaktiv halding til næring og næringsutvikling. Ein næringsplan skal vera ein reiskap ein skal gjennom planen kopla kommune, næringsliv og innbyggjarar. Kommunen har eit ansvar for gjennom plan å leggja til rette for lokale og regionale samarbeid. På same tid skal me skapa eit målretta næringsarbeid som vil gje retning og positiv utvikling. For å oppnå dette vil det mellom anna vera viktig at planen har fokus på:

- Å skapa langsiktig kurs for næringsarbeidet i kommunen.
- Å leggja til rette for nye etableringar.
- Å leggja til rette for utbyggjarar og industri, slik at ting vert føreseieleg knytt til arealutvikling.

1.2 Målsetjing og avgrensing for plan

Strategisk næringsplan skal vera eit arbeidsreiskap for politikarar og kommuneadministrasjon for å kunna ta gode avgjersler knytt til næringsspørsmål. Strategisk næringsplan for Sveio kommune 2022-2027 skal vera styrande for forvaltninga si saksbehandling av næringsspørsmål på ulike nivå og kva tenester som bør prioriterast. Planen legg vekt på å synleggjera kommunen si rolle og søker å avgrensa kommunen sine oppgåver mot næringslivet sine eigne oppgåver. Sveio kommune vil gjennom planen få eit verktøy til å vidareutvikla næringsarbeidet i kommunen for perioden 2022-2027.

1.3 Organisering av arbeidet

Sveio formannskap vedtok i møte 22.03.2021 oppstart av arbeid med ny strategisk næringsplan for perioden 2022-2027.

KOM - 028/21 Vedtak:

1. Kommunestyret tar prosess for strategisk næringsplan for Sveio kommune 2022 - 2027 til orientering med følgjande endring i framdriftsplanen:
 - a) Før planen blir send på høyring skal han leggst fram for hovudutval teknisk/næring og formannskapet.
 - b) Planen skal før endeleg godkjenning i kommunestyret, behandlast i hovudutval teknisk/næring og formannskapet.
2. Kommunestyret foreslår ytterlegare strategiske satsingsområde: Marine næringar og kunnskapsbaserte næringar.
3. Formannskapet får fullmakt til å gjera endringar i planprosess og framdrift.

Arbeidet har vore organisert slik:

Prosjektleder: Nina Østensjø

Styringsgruppe: Jostein Førre, rådmann
Kenneth Tollefsen, kommunalsjef teknisk
Bjarne Hetlesæter, einingsleiar plan/næring

Arbeidsgruppe: Bjarne Hetlesæter
Geir Ragnhildstveit
Adelhei Smeland
Nina Østensjø



Atheno AS fekk i oppgåve og utarbeida prosjektplan og gjennomføra sjølve utarbeidinga av ny plan saman med oppnemnt arbeidsgruppe.

Arbeidsgruppa har hatt jamlege arbeidsmøte og har delteke i utarbeidinga av planen. Det har vore medverknad frå næringslivet i utarbeiding av næringsplanen, med blant anna fleire møte og workshopar. Det har kome mange innspel og forslag som er ganske ulike og spreidde i tema og innhald. I den vidare utarbeidinga av planen er essensen frå innspela teken med.

1.4 Kort om Sveio Kommune


Sveio kommune ligg strategisk godt plassert langs E39 midt mellom Haugesund og Stord og har 5753 innbyggjarar per tredje kvartal 2021. Kommunen har dei siste åra hatt ei positiv befolkningsutvikling.

I Sveio er folkesamansetnaden relativt ung, men som i resten av Noreg er det venta ei eldrebølgje. Det er i tillegg skeiv kjønnsfordeling blant unge vaksne, der det er eit underskot av kvinner i alderen 25 - 40 år. Folketalsutviklinga, saman med dei demografiske endringane med fleire eldre, vil ha betydning for korleis kommunen i framtida skal leggja til rette for utbygging, tilbod og tenester. Framskrivingane for folketalsveksten (Statistisk sentralbyrå si vurdering) viser at hovudalternativet vil gje Sveio 7700 innbyggjarar i 2040. Dei lågaste framskrivingane viser 7 300 innbyggjarar. Held veksten fram som han gjorde for nokre år sidan, vil folketalet passera 8000 innbyggjarar i 2040.

Arbeidsmarknaden for sveibuen er i heile Sunnhordland og på Haugalandet, noko som gjev stor arbeidspending ut av kommunen. Den store arbeidspendinga, saman med at det er store handelssenter utanfor kommunen, bidreg i tillegg til stor handelslekkasje. Talet på personar som har fullført vidaregåande skule aukar stadig og ligg noko over landsgjennomsnittet.

Omgrepet «Sveio kommune» kan ha ei rekkje tydingar og står for ulike roller i ulike samanhengar. Det er både ein geografisk indikasjon og ei omtale av innbyggjarane som bur innanfor kommunen sine grenser. Meir konkret er det kommuneorganisasjonen, men også den har fleire roller.

Det er viktig å tydeleggjera dei ulike rollene kommunen har, slik at forventningar frå næringslivet blir kalibrert til eit realistisk nivå i forhold til alle dei andre samfunnsoppgåvene kommunen skal ivareta.





Figur 1 : Talet på arbeidsplassar i offentlig og privat sektor i Sveio kommune. Statistisk sentralbyrå endra metoden for å berekna talet på sysselsette i 2015. Den nye metoden gav omtrent fire prosent færre arbeidsplassar i næringslivet. Talet på arbeidsplassar (Kjelde: Telemarks-forskning, REGIONALANALYSE Haugalandet)



VERKSEMDSOMRÅDE

- Helse og omsorg
- Skular og barnehagar
- Kultur
- Reiseliv, turisme og fritidsbustader
- Bustad- og næringsutvikling
- Sentrumsutvikling
- Samferdsle og infrastruktur
- Bruk og vern av strandsona

Figur 2: Lokaliseringskvotienter i 2020 for ulike private bransjar i Sveio kommune samanlikna med 2020. Bransjar med lokaliseringskvotient over 1 er bransjar som Sveio kommune har relativt mykje av. Me kan også sjå kva for lokaliseringskvotient bransjen hadde i starten av 2016 i dei grå søylene. (Kjelde: Telemarks-forskning, REGIONALANALYSE Haugalandet)



Figur 3: Bransjeeffekten for Sveio kommune. Bransjestrukturen til ein stad betyr mykje for kva for vekst som ein forventar på staden. Det er fordi det er stor variasjon i veksten mellom dei ulike bransjane. I figuren er det vist korleis dette påverkar forventa vekst i Sveio i den siste femårsperioden. Dei grøne søylene viser vekstbransjane (som har vakse over gjennomsnittet). Her vil Sveio få ein ekstra vekst dersom bransjen er relativt stor. Staden får lågare forventa vekst dersom vekstbransjen er relativt liten. Dei raude søylene viser bransjar med nedgang. Her vil ein stad få høgare forventa vekst dersom dei har lite av denne bransjen, men lågare forventa vekst dersom bransjen er relativt stor på staden. (Kjelde: Telemarks-forskning, REGIONALANALYSE Haugalandet)



STRATEGISKE PRIORITERINGAR

- God helse, eiga meistring og trivsel
- Gode oppvekstvilkår
- Aktive lokalmiljø og mangfald
- Aktivitet og attraktivitet gjennom lokale tiltak
- Befolkningsutvikling, arbeidsplassar og vekst og aktivitet i eit attraktivt kommunesenter
- Trygg trafikk og gode kommunikasjonar
- Bruk og vern av strandsona

1.5 Visjon og mål

Verdigrunnlaget i Sveio skal reflektera Sveio kommune sin visjon om «VILJE TIL VEKST OG EIN GOD STAD Å LEVA».

Slagordet «Sveio – midt i leio» er ein treffande påstand om kommunen. Med E39 som går gjennom heile kommunen, er Sveio bindeleddet mellom dei to regionane Haugalandet og Sunnhordland, og dei to fylka Rogaland og Vestland. I tillegg er det kort veg til E134 som gjer regionane tilgjengelege frå Austlandet. Den sentrale posisjonen på vestlandskysten er såleis optimal med tanke på busetnad og den store arbeidsmarknaden som regionane tilbyr. Med det som bakgrunn har kommunen stort potensiale for vekst, særleg med tanke på busetnad og arbeidsplassar. Legg ein i tillegg til kommunen sin flotte kystnatur, gode friluftsområde og tilgang til strandsona, så skal kommunen vera attraktiv å etablera seg i.

Kommunen sine overordna oppgåver er å forvalta kommunale fellesinteresser effektivt med sikte på ei berekraftig utvikling. Ovanfor næringslivet ynskjer kommunen å leggja til rette gode rammebetingelsar. Oppgåver som gjeld store samfunnsinteresser, inkludert næringslivsinteresser, skal ha høgast prioritet i kommunal sakshandsaming. Alle som vender seg til kommunen skal møtast med «kunde fokus». Sveio skal ha auke i arbeidsplassdekkinga og den skal vera opp minst 2 prosentpoeng kvar planperiode til den er 50 %.

2 Attraktivitet og utvikling

Det er to måtar ein stad kan skapa ekstra vekst på. For det første kan staden skapa kvalitetar som aukar innflytting og reduserer utflytting; bustadsattraktivitet. For det andre kan staden skapa næringsattraktivitet som fører til ekstra vekst i talet på arbeidsplassar. Næringsattraktivitet og bustadsattraktivitet er gjensidig avhengige av kvarandre. Arbeidsplassar får folk til å flytta til kommunen, medan trivsel og gode tenester får folk til å bli buande. Føresetnaden for å lukkast, er at ein evnar å mobilisera alle krefter i eit tillitsfullt samarbeid om felles mål.


Lokal og regional vekst- og attraksjonskraft vert bestemt av forhold ein kan og ikkje kan påverka, og det er viktig å skilja mellom desse. Ytre drivkrefter som konjunkturar, innvandring og strukturendringar i næringslivet, kan ikkje påverkast lokalt. Regionen må finna og bli einige om dei tiltaka som kan gjerast lokalt for å auka attraktiviteten. Bustadsattraktiviteten betyr mykje for om befolkninga aukar eller er på retur på ein stad. (Kjelde: Veikart for Haugalandet 2021-2025).



Hovudmål for perioden 2022-2027 skal vera:

- Auka arbeidsmarknadsattraktivitet
- Auka busetnadsattraktivitet

Måla er i tråd med strategi og mål i «Veikart for Haugalandet 2021-2025»



Figur 4: Utviklinga i talet på arbeidsplassar.

I figuren er det vist utviklinga i talet på arbeidsplassar i Sveio i forhold til utviklinga i Norge. Utviklinga er indeksert slik at nivået i år 2000 = 100.

Ein indeksverdi på 100 betyr vidare at utviklinga er den same som i landet. Sveio hadde sterkare vekst i talet på arbeidsplasser i næringslivet enn resten av landet.

I det offentlege har talet på arbeidsplasser utvikla seg mykje svakare enn i resten av landet sidan 2008. I 2020 var veksten i talet på arbeidsplasser i offentlig sektor mykje lågare i Sveio enn i resten av landet. (Kjelde: Telemarks-forskning, REGIONALANALYSE Haugalandet)

3 Infrastruktur

Ein skapande region og kommune har behov for gode tilknytingspunkt. Utbygging av god infrastruktur, effektive logistikk-løysingar, breiband og tilgang på kraft er viktige føresetnader for moderne samfunns-utvikling. Eit aukande folketal og tal på verksemdar set dessutan nye krav til god og miljøvenleg arealutnytting.

Infrastruktur er den underliggjande strukturen som trengst for å få samfunnet til å fungera meir eller mindre effektivt. I Sveio kommune har ein stort fokus på god utvikling og vedlikehald av dei infrastrukturelle elementa.

3.1 Breiband

Sveio kommune har i seinare år hatt eit prosjekt for å sikra høghastigheitsbreiband i Sveio. Dette har vore eit samarbeid mellom Sveio kommune og Vestland fylkeskommune. Prosjektet har gjeve ei betydeleg utbygging og sikra mange innbyggjarar og næringsliv eit godt og framtidsretta breibandstilbod. Kommunen har no ein ny anbuds konkurranse for å få bygd høghastigheitsbreiband i dei siste delane av Sveio som manglar dette.

3.2 Veg

Sveio kommune har rundt 36 km europaveg, 93 km fylkesveg, og 95 km kommunal veg. Ein relativ stor del av fylkesvegnettet og kommunale vegar følgjer ikkje krava til dagens standard og er klassifisert som trafikkfarleg (sjå trafikksikringsplan).

Fleire kommunale vegar kunne med fordel hatt høgare akseltrykk. Dette kan til dømes gje utfordringar innan landbruk og skogbruk med avgrensing i kor store køyretøy som kan nyttast på dei ulike vegane.



Det er svært viktig av næringsomsyn å få realisert ny fylkesveg Sveio sentrum til Grimstveit. Dette arbeidet skal ha høg prioritet i kommunen.

3.3 Avløp

Sveio kommune er 246 km² og har stor grad av spreidd busetnad. Som følgje av dette er det ikkje etablert kommunalt avløp i alle deler av kommunen, men det finst i staden mange private avløpsanlegg.

3.4 Vatn

Med tanke på den spreidde busetnaden kunne de vore føremålstenleg å tilby kommunalt vatn til større del av bustadar, fritidsbustadar og næringsliv. Kommunalt vatn sikrar abonnentane nok vatn, godt/hygienisk trygt vatn og ei sikker vassforsyning. I tillegg vil det gje betre dekning for slökkjevern for brannvesenet.

3.5 Mobilnett

Deler av Sveio har dårleg 4G og 4G+ mobildekning. Områda med dårlegast dekning er spreidd busetnad og eit mindre tal næringsverksemdar. Sveio kommune kan vurdere å bidra økonomisk til operatørar for å sikra betre mobildekning i kommunen.

3.6 Kaiar

Det er nokre kommunale kaiar i Sveio kommune. Dette er mindre kaiar, og nokre er i dårleg forfatning med avgrensing på bruk. Sveio kommune bør vurdere å leggja til rette for nye kaiområde og hamner i kommuneplanen som kan gje grobott for meir næringsaktivitet. Sveio ligg svært tett opp mot hovudskipsleia i Bømlafjorden og på Sletta. Det bør vurderast om ein har utnytta det potensialet som er der per i dag, eller om det her er utviklingsmoglegheiter.

3.7 Straum

Fagne AS er ansvarleg for straumnettet i Sveio. For nokre næringar er tilstrekkeleg straumkapasitet og forsyningssikkerheit avgjerande. Kartlegging av straumnettet syner at me ikkje har kapasitet til større straumkrevjande industri/datasenter i dag (sjå eigen rapport). Det er planlagt noko betre forsyningstryggleik i straumnettet (redundans).

Ifølgje hovudporteføljen til Grøn Region Vestland er eit av hovudfokusområda i Vestland fylke fram til 2030 å **byggja innovativ grøn infrastruktur**. Her har Sveio kommune ein unik moglegheit til å ta del i denne utviklinga og ta ein posisjon i fylket og i regionen.

4 Strategiske satsingsområde

Næringsplanen skal avklare strategiar for kommunen sin næringspolitikk. Desse strategiane må sjåast i samanheng med andre strategiar for samfunnsutvikling, nedfelt i anna planverk i og utanfor kommunen. For å gjera næringsplanen mest mogleg operasjonell og handlingsretta skal planen spissa seg inn mot dei viktigaste tiltaksområda for næringsutvikling.

Dette vil i perioden vera:

- Kommunen som tilretteleggjar
- Reiseliv og kultur
- Bulyst
- Grøn Sveio, ein berekraftig kommune
- Landbruk og havbruk



4.1 Kommunen som tilretteleggjar

Nyskaping og næringsutvikling er svært viktig for næringsutviklinga i kommunen. Kva behov den enkelte har for oppfølging og kursing er svært varierande. Mange klarar seg heilt sjølv i oppstartsfasen, medan andre har større behov for rettleiing, rådgjeving og kursing.

Kommunen si etablerarteneste (førsteleiningstenesta) er for mange første steg. Det sentrale er å bidra til å styrkja kompetansen til nyetablerarar og tilby kurs og rettleiing. Kursa dekkjer dei mest elementære fagområda for ein nyetablerar. Kurs retta spesielt mot nyetablerarar og etablarartenesta for Sveio kommune vert gjennomført av Atheno AS.

Innovasjon Norge er eit sentralt verkemiddel for dei som ønskjer å starta noko, og Atheno er koplingspunkt mellom Innovasjon Norge og etablerarar der dei ser at det er føremålstenleg. Blant anna er dette verkemidlet svært aktuelt innan landbruket.

4.1.1 Næringsareal/etablering

Arealdelen i kommuneplanen for Sveio kommune syner mykje utbyggingsareal, særleg til bustad-føremål. Kommuneplanen har òg mykje areal i Landbruk-, Natur- og Friluftsområde der det på visse vilkår er opna for bustadbygging. Berre mindre delar av utbyggingsarealet er regulert og/eller lagt til rette for bygging.

Gode næringsareal er avgjerande for å tiltrekke seg nye etableringar og satsing frå både det private og det offentlege. For Sveio kommune er det viktig å sjå på eksisterande næringsareal og potensiale for nye og planlegging av desse. I framtida er det avgjerande både i forhold til bulyst og næringsutvikling at ein har fokus på E39 og moglegheitsrommet som ligg der.

Ekrene næringsområde ligg heilt sør i kommunen og grensar til Haugesund. Her er det meste selt og området er under utviding. Sentralt i kommunen ligg Hanaleite i Førde. Her er det òg lite areal att og potensialet er noko avgrensa. Kommunen har eit større næringsareal på Tjernagel som ligg ubrukt. Dette arealet ligg langs leia, men det er per dags dato ikkje kai/hamn her. Arealet ligg nær den viktige transportkorridoren frå Langevåg på Bømlo via ferja til Buavåg og vidare inn i Sveio. Potensialet her er stort, særleg når ein ser at Bømlo Fiskerihavn no tek form.

Kommunen må leggja til rette for nye næringsområde langs E39 slik dei har fått til i Aksdal, på Heiane (Stord) og i Os. Her har kommunen ein mogelegheit for å kopla seg på og syta for at det vert utvikla og utvida eit næringsområde frå søre Liereidvegen og nordover mot tunnelopninga.

På Liereid ligg det òg eit område regulert for næring. Dette området er ikkje utløyst men her er det eit stort potensiale for utvikling, mellom anna med mogelegheit for utviding opp mot bustadområdet ved Vihovda. Same tilnærming kan tilrådest frå Våg og nordover. Næringsområda på Hinderlid/Haukås og Haneleite kan òg vidareutviklast. Det ligg òg eit potensiale i mindre næringsområde i dei ulike bygdene der ein bør sjå på utviklingsmoglegheiter.

Det har vore innspelsrunde i både samband med kommuneplanarbeidet og «Bulyst»-prosjektet. Det føreligg òg ein LivOGLyst-rapport frå Valestrand som kan vera nyttig i den vidare prosessen. Metode, mål og tilrådingar i denne rapporten kan overførast til dei ulike bygdene i Sveio.



Dette har me i Sveio-bygdene



Sveio kommune

Bulyst



**Dette ynskjer
me i Sveio-
bygdene**



Sveio kommune

Bulyst

Figur 5 Døme frå rapport laga ifm «Bulyst»møtene haust 2021

4.1.2 Etablering

Dei fleste kommunar har ei teneste som støttar og hjelper det lokale næringslivet og etablerarar på ulikt vis. Utforminga av tenesta er svært ulik frå kommune til kommune. Sveio kommune har siste året nytta Atheno AS som ekstern ressurs i dette arbeidet. I tillegg samarbeider kommunen med Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Haugaland Vekst, i blant anna næringssaker og om næringspolitikk.

Kommunen skal òg ha ei utviklingsrolle i tillegg til å vera tenesteleverandør. Utviklingsrolla kan utformast på svært mange måtar, men næringsutvikling skal vera ein viktig del. Dei viktigaste oppgåvene innan næringsutvikling vil vera knytte til arealbruk, infrastruktur og sakshandsaming. Næringsseksjonar som til dømes Atheno kan komplimentere ressursane i kommuneorganisasjonen der det er naudsynt eller behov for det. Kommunen kan og bør vera med på å byggja kultur for næringsutvikling.



Grunnleggjande moment som må til for å lukkast med dette:

- Ha politisk forankra planar for framtidig næringsutvikling.
- Ha dediserte personar/roller i kommunen som følgjer opp næringsplanen og strategiar.
- Nok midlar til utviklingsarbeid, planlegging, prosjekt og oppfølging av prosjekta, - slik at me ikkje berre lagar planar som ikkje blir følgt opp.
- Sikra ferdig opparbeida attraktive næringsareal.
- Positiv haldning til nye aktørar som ynskjer å etablera seg i kommunen.
- Sikra eksisterande arbeidsplassar og verdiskaping.
- Marknadsføra kommunen både som bukommune og som område for næringsutvikling.

Rettleiing

- God rettleiing kan bidra til ny aktivitet i kommunen, noko som i neste omgang kan medverka til auka nærings- og bustadutvikling.
- Ha kjernepersonell som er dedikert til oppgåva med høg kompetanse og god kunnskap til regionen.

Ungdom

- Gjennom ei offensiv og aktiv haldning og gode prosjekt å stø seg til skal kommunen arbeida for å få ungdommar til å flytta «heim» etter fullført utdanning. Slik vil ein kunna sikra at kommunen og regionen får den kompetansen kommunen og regionen treng i framtida.
- Kommunen skal gjennom prosjekt og samarbeid sørga for at det vert bygd ei «bru» mellom skule og arbeidsliv.
- Sikra at det vert jobba aktivt med ungdommane gjennom involvering og synleggjera kva moglegheiter det er i Sveio. Dette må det arbeidast med kontinuerleg.

4.1.3 Kompetanse og innovasjon

Det er ein viktig strategi for Sveio kommune å kunna leggja til rette og vera ein positiv samarbeidspartnar for næringslivet. Fokus må vera rekruttering av rett og god kompetanse samt opplæring internt. Utanom kompetansefokus i eigen organisasjon, har kommunen samarbeidspartnarar for kompetanseheving i lokalt næringsliv.

Kommunen har per i dag ingen dedikerte ressursar inn mot dette arbeidet, men kan nytta ekstern kompetanse på området. Vestland fylkeskommune og Innovasjon Norge er òg viktige samarbeidspartnarar innan kompetanseheving i næringslivet i Sveio. I perioden skal kommunen arbeida med dei strategiske satsingsområda i «Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling» (Vestland fylkeskommune) og «Veikart for Haugalandet 2021-2025» (Haugaland Vekst).

Sveio kommune skal leggja til rette for at det skal skje ein vekst i talet på kompetansearbeidsplassar i kommunen. Å sikra breiband i heile kommunen og samarbeida med næringslivet og eigarar av kontorlokale er sentrale faktorar for å kunna lukkast.

Sveio kommune skal òg støtta opp om kompetansemiljøa i regionen med skuletilbod og forskingsmiljø, samt ha ei offensiv satsing på ungdom og næringsliv gjennom mellom anna Ungt Entreprenørskap og UngSunhordland.



Innanfor alle bransjar og sektorar, både offentleg og privat, er det venta eit aukande krav til kompetanse. Det er stor etterspurnad etter kvalifisert arbeidskraft i mange bransjar og regionar, og ein må ta grep for å utvikla rett kompetanse for å møta dette behovet. Kommunen skal og ha særskilt fokus på grøn kompetanse («Grøn Region Sunnhordland»).

4.2 Reiseliv og kultur

Reiseliv og kultur er viktige næringar som betyr mykje for kommunen si attraksjonskraft. I mange samanhengar blir omgrepet «opplevingsnæringar» nytta som eit samleomgrep for reiselivsnæringa og kultur næringar. Opplevingsnæringar utgjer ein vesentleg del av såkalla besøksnæringar. Besøksnæringar består av aktivitetar, handel, overnatting og servering. Dette er næringar der kunden må møta opp personleg. I Sveio er det ingen større reiselivsbedrifter og difor få som tilbyr kommersiell overnatting. Hovudtilbodet innan overnatting er i form av hytteutleige i heile kommunen. Det er også relativt få aktørar innan aktivitet og servering, og dei fleste er små i storleik.

«Sveio – midt i leio» handlar om at Sveio kommune ligg sentralt mellom dei store byane Bergen og Stavanger og dei litt mindre byane Stord og Haugesund samstundes med at kyststamvegen E39 går gjennom kommunen med fylkesveg 47 som ein arm til Haugesund. Stamvegen E134 mellom Austlandet og Vestlandet går like sør for kommunen. Sveio kommune har kort veg til to flyplassar og éi stor cruisehamn. Sveio ligg og nær andre store turistdestinasjonar og kan dra store synergjar av dette. Her ligg det eit uforløyst potensiale. I tillegg er kommunen rik på vakker natur og har svært lang kystlinje.

Innanfor reiseliv og turisme er Sveio særleg kjend for m.a. Ryvarden Kulturfyr, Fartein Valen, Flokehyttene og golfbanen. Ein har også vakre naturdestinasjonar som Vigdarvatnet - eit stort og mykje nytta vatn for fiske og rekreasjon.

I 2020 og 2021 vart det sett opp to dagsturhytter i kommunen. «Golfståvo» ved Sveio Golfpark og «Nipaståvo» på Emberlandsnipen. Begge sentralt plassert i kommunen med god tilgjenge for alle.

For Sveio kommune er det særs viktig at destinasjonane og tilboda er tilgjengelege for allmenta. Dei skal appellera til alle. Det er eit mål å auka synlegheita og gjera attraksjonane kjent både lokalt og nasjonalt, noko som kan vera med og skapa eit positivt omdømme for kommunen.

Det skal arbeidast aktivt med å tiltrekkja seg turistar til Sveio kommune for å:

- Auka lokal handel.
- Få fleire overnattingsgjester til hytteutleigarar, aktørar innan camping og andre som tilbyr overnatting.
- Gje grobotn for «knoppskyting».
- Få fleire til å satsa på reiselivsbedrifter.

4.3 Bulyst

Korleis kan me i Sveio kommune arbeida for å skapa eit attraktivt sentrum og levande bygder med vekst og utvikling? Det er dette det handlar om når me snakkar om bulyst.

Sveio kommune skal vera ein attraktiv kommune å bu i, og det skal arbeidast aktivt med å fremja kvalitetane. Det må kommuniserast tydeleg kva ein får ved å bu her kontra eit tilvære i byane, og at ein har kort veg til arbeidsmarknaden både i Sunnhordland og på Haugalandet om ein buset seg i Sveio. Kommunen har og eit rikt kulturtilbod som komplimenterer tilboda ein finn i byen som berre ligg




ein liten biltur unna. Sveio må og vera ein kommune som legg til rette for bustadbygging på attraktive stader slik at ein kan tiltrekka seg kommande generasjonar.

Det er viktig at det vert arbeida politisk med å sikra framtidige arbeidsmoglegheiter. Dei folkevalde og kommuneadministrasjonen skal ha ei proaktiv haldning og jamleg dialog med Sveio Næringsforum,- og bedrifter kommunalt og regionalt. Dette handlar både om å ta vare på moglegheiter som kjem, - og sikra at ein arbeider saman om framtidsbilete innan etableringar, kompetanse og tilrettelagte planar.

Kommunen må arbeida kontinuerleg med attraktive lokalsamfunn. Dette må dei gjera gjennom å involvera innbyggjarane, samt lag og organisasjonar gjennom god dialog. Kommunen må arbeida meir strategisk og målbevisst med informasjon ut gjennom fleire kanalar for å visa innbyggjarane kva som skjer i kommunen og rundt om i krinsane. Sveio kommune har eit eige Bulyst-prosjekt. Dette prosjektet skal i all hovudsak jobba med marknadsføring av bu og arbeidsmarknaden, samt skapa møteplassar for å auka innbyggjarmedverknad og begeistring.

Eit sterkt sentrum er viktig for å sikra eit godt kommunesenter i konkurransen med andre senter. Sveio kommune godkjente kommunedelplan for sentrum i 2008 og den vart revidert 2012. I høve gjeldande framdriftsplan for arbeidet med ny kommunedelplan for Sveio sentrum er målsetnaden at planen skal bli endeleg vedteken i november / desember 2022. Eksisterande sentrumsplan er gjeldande fram til ny plan er vedteken.



Figur 6: Utvikling i folketallet i Haugalandet, målt på slutten av kvart kvartal. (Kjelde: Telemarks-forskning, REGIONAL-ANALYSE Haugalandet)



4.4 Grøn Sveio

Vestland har beslutta ein visjon om nullutslipp i 2030. EU har besluttet 55 % CO₂-reduksjon innan 2030. Internasjonale forpliktelsar og nullutslepps-visjonen vil påverka heile næringslivet i Sunnhordland inkl Sveio kommune.

Iflg «Grønn region Sunnhordland» finnes to framtidsretta grøne prosjekt i Sveio kommune. Desse er Landbasert oppdrett av nye artar og Heilelektrisk oppdrettsanlegg



Berekraftsmåla er verdas felles arbeidsplan for å utrydda fattigdom, kjempa mot ulikskap og stoppa klimaendringane innan 2030. Måla skal fungera som ei felles, global retning og prioritert innsats dei neste åra. Kommunane har ei viktig rolle i dette arbeidet og skal mellom anna fremja berekraftig næringsutvikling (berekraftsmål 9) og bidra til å utvikla og innføra metodar for å måla effekten av berekraftig reiseliv som skapar arbeidsplassar og fremmer lokal kultur og lokale produkt (berekraftsmål 12). For å lukkast er det naudsynt å samarbeida med mellom anna næringslivet (berekraftsmål 17). Sveio kommune har planfesta fokus på berekraftsmål 9, 12 og 17.

FNs berekraftsmål 9 handlar om å byggja solid infrastruktur, fremja inkluderande og berekraftig industrialisering og bidra til innovasjon. Investeringar i transport, vatningssystem, energi og informasjonsteknologi er heilt avgjerande for å skapa ei berekraftig utvikling. Teknologi og innovasjon kan bidra til å løysa miljømessige utfordringar som følgjer utbygginga av infrastrukturen i ein kommune.

FNs berekraftsmål 12 handlar om å sikra berekraftig forbruk- og produksjonsmønster. Det vil sei at me innan 2030 skal halvera delen matsvinn per innbyggjar og oppnå ei berekraftig forvaltning og effektiv bruk av naturressursane. Me må og redusera avfallsmengda betydeleg gjennom forbod, reduksjon, gjenvinning og ombruk.

FNs berekraftsmål 17 handlar om samarbeid for å nå måla. Å styrka midla for gjennomføring og fornya globale partnarsskap for berekraftig utvikling.

For å lukkast med berekraftsmåla treng me nye og sterke partnarsskap. Myndigheiter, næringsliv og sivilsamfunna må samarbeid for å oppnå berekraftig utvikling saman.

4.5 Klimamål i Sveio

Kommunestyret har erklært at dei er samd i at verda står overfor store og alvorlege klimautfordringar og har bede rådmannen ha fokus på arbeidet med å redusera kommunen sine utslepp og klimaavtrykk. Sveio kommune sin Energi- og klimaplan (2011-2016) blei vedteken forlenga i 2019. Tiltak for



å oppnå lågare klimagassutslepp er mellom anna knytt til mål om *at kommunen skal leggja til rette for klimasamarbeid med industri- og næringslivsaktørar*. Ny klimaplan vil bli utarbeida i løpet av 2022.

For Sveio kommune vert det viktig å prioritere klima og berekraft i alle ledd og ta omsyn til følgjande i alle kommunale prosessar:

- Sterke nasjonale krav om berekraft som me som kommune må forholde oss til.
- Brukt på rett måte vil det over tid gje betre kommuneøkonomi.
- Sikre at framtidige generasjonar får dei same tilboda som me har i dag.
- Sjå investering og drift i eit langsiktig perspektiv.
- Sveio kommune skal leggja til rette for fornybar energi. I planar for arealbruk skal det vurderast om det skal setjast av areal for energiproduksjon.

4.6 Landbruk og havnæring

4.6.1 Landbruk

Sveio har alltid vore ein stolt landbrukskommune og har lange tradisjonar innan dette området. På føretak som søkjer om produksjonstilskot i jordbruket har halde seg bra oppe. Det har særleg vore nedgang i føretak som driv med mjølkeproduksjon, men mjølkemengda har halde seg på eit bra nivå.

Gardsbruka i kommunen er godt spreidde geografisk og gjev aktivitet i alle bygdelag og støttar tydeleg opp om busetjinga. Jordbruket har mykje å seia for at kulturlandskapet vert halde oppe sjølv om driftsformene stadig endrar seg.

Gardbrukarane i kommunen er tiltaksame og innovative, og brukar i stor grad garden som ressurs for å skipa nye aktivitetar/næringar. Døme på dette er:

- Inn på tunet.
- Sal av produkt direkte til forbrukar som blant anna gjennom REKO-ringen.
- Foredling av frukt og bær frå eigne avlingar.
- Andelslandbruk.

Færre unge vågar å satsa på bondeyrket. Samtidig som talet på bønder er drastisk redusert år for år, er mange interessert i å overta eit småbruk. Etterspørselen er stabilt høg og har vore det gjennom mange år. Å få tak i eit småbruk er likevel ikkje så enkelt. Berre eit par tusen blir lagt ut for sal på den frie marknaden kvart år landet sett under eitt.

I Sveio har ein fråflytta gardar som står til nedfalls. Årsakene til dette er ulike. Det kan vera eigarar som ikkje vil, eller ikkje evnar å ta fatt på arbeidet som må til. Og nokre ynskjer at garden skal bli i familien, eller dei trur ikkje garden er verdt noko og vel å la den liggje brakk.

For Sveio kommune er det mogleg å ta tak i denne utfordringa og omsetta den til moglegheiter gjennom god dialog med dei som eig desse landbrukseigedommane. Gardane kan ha eit stort potensiale både til tradisjonelt landbruk og til reiselivsrelaterte opplevingar.

Kommunen må ha ei offensiv haldning og setja i gong tiltak slik at den synkande trenden på talet på bønder snur. Dette kan ein mellom anna gjera ved å kartleggja og marknadsføra ledig landbruksareal, tomter samt tomme og nedlagte gardsbruk.



4.6.2 Havnæring/marine næringar

Me snakkar både om akvakultur, havbruk, sjømatnæringa og fiskeoppdrett. Siste åra har lønsemda i det meste av næringa vore svært god og verdiskapinga har vore stor. Havbruksfondet har gjort at ein del av verdiskapinga har kome kommunane til del. Det har merkast godt for Sveio kommune. I næringa er det mange gode og sikre arbeidsplassar for folk busette i Sveio.

Dei største akvakulturverksemdene i Sveio er regionale og er heimehøyrande i Sunnhordland og i Bergen. Fleire av verksemdene har hatt ønskje om å utvida arealet dei driv på og å omstrukturera på lokalitetar. Med det strenge arealregimet som er, har ikkje dette vore mogleg. Statsforvaltaren har sett foten ned for dispensasjonar frå kommuneplanen. Avstandskrav, omsyn til kvalitetane til lokalitetane og at lokalitetar ikkje kan liggja på dei mest straum- og vêrutsette plassane, gjer at det er avgrensa med areal på sjøen for nyetablering innan laks og aure. Det vil vera meir plass til andre artar, som blant anna skjel. Og eventuelt for tang/makroalgar til mat. Større tunganlegg kan vera problematiske å finna areal til med den kampen som ofte er om bruka av sjøareal. Slik bruk skapar ofte stort engasjement hos innbyggjarane og ikkje minst hos fritidsbuande.

Siste åra har fleire av akvakulturanlegga i sjøen i Sveio fått straum frå land. Det er planar for fleire anlegg. Dette er ofte krevjande og kostbare tiltak. I 2020 vart Bremnes Seashore AS sitt anlegg på Loddetå heilelektrisk. Det første i verda vart det hevda. Dette fekk stor mediemerksemd.

Kommunen må jobba med synleggjering av bransjen og kva kompetansebehov denne har i åra som kjem. Dette er avgjerande for aktørane og ei stor gevinst for kommunen. Utdanningstilbod innan næringa må gjerast kjent for ungdommen. Det same med høve til å arbeida i næringa eller i næringar som leverer til havbruksnæringa. Det er elles viktig at kommunen har auge for nyutvikling i næringa og i næringar som leverer til havbruksnæringa slik at verksemdar kan etablera og utvikla seg i kommunen og arbeidsplassar skapast.

For å klara dette er det viktig at kommunen:

- Set av nok areal i kommunen til akvakultur etter god medverknad frå sjømatnæringa og er open for nye artar, nye driftsmåtar og ny teknologi.
- I samband med utarbeidinga av arealdelen til kommuneplanen må det vurderast å setja av areal for nye/utviding av kai- og hamneanlegg og for landbasert oppdrett.
- Leggja til rette for utvikling av, - og innovasjon i næringa. Blant anna med tanke på elektrifisering, digitalisering og ny teknologi.
- Vera med å arbeida for utdanningstilboda i næringa og fremja kunnskap om næringa som arbeidsplass.
- Arbeida for å utvikla transportkorridoren Sveio til Buavåg for blant anna å byggja opp om den regionale satsinga på fiskerihamna i Langevåg, Bømlø.



5 Handlingsplan

Prioritert område	Tiltak	Finansiering	Prioritet
Landbruk og havbruk	Kommunen må ha ein god arealpolitikk med gode planar for å ta godt vare på produksjonsgrunnlaget.	SK	1
Havbruk/marine næringar	- Setja av nok areal i kommunen til akvakultur etter god medverknad frå sjømatnæringa. - Vera open for nye artar, nye driftsmåtar og ny teknologi - Vurdera om det bør sikrast betre tilgang til kai. - Arbeida for å utvikla transportkorridoren Sveio til Buavåg for å styrka den regionale satsinga på fiskerihamn i Langevåg, Bømlo	SK	2
Havbruk/marine næringar	Leggja til rette for utvikling av, - og innovasjon i næringa. Blant anna med tanke på elektrifisering, digitalisering og ny teknologi.	SK / næringa	3
Landbruk og havbruk	Halda oppe eit kompetent fagmiljø i kommunen som raskt kan rettleia næringsutøvarar med gode råd, og som raskt og effektivt kan hand-sama søknader på ein god og kvalifisert måte.	SK	4
Landbruk	Kommunen sine tilsette må møta gardbrukarar på ein positiv og interessert måte og vera open for nye idear og innovasjon.	SK	5
Landbruk og havbruk	Vera med å arbeida for utdanningstilboda i næringa og fremja kunnskap om næringa som arbeidsplass.	SK / næringa	6
Havbruk/marine næringar	Gå i dialog med næringane og grunneigarar i kommunen om moglegheita for å leggja til rette for anlegg på land.	SK / næringa / fylket	7
Landbruk og havbruk	Kommunen skal saman med næringa og jord-eigarar laga ei moglegheitstudie rundt potensiale i nedlagte gardsbruk og tomter.	SK / næringa	8



Prioritert område	Tiltak	Finansiering	Prioritet
Reiseliv og kultur	• Utvikla marknadsføringsstrategi for kommunen	SK / samarbeidspart	1
Reiseliv og kultur	• Jobba for nyetablering innan reiseliv og kultur gjennom eige reiselivsprosjekt	SK / prosjekt	2
Reiseliv og kultur	• Samarbeida med destinasjonsselskapa Visit Sunnhordland og Visit Haugalandet	SK	3
Reiseliv og kultur	• Effektivere strategiar frå kommunen inn i destinasjonsselskapa sine strategiar	SK	4
Reiseliv og kultur	• Jobba for og leggja til rette for samarbeid med private aktørar	SK / næringa	5
Reiseliv og kultur	• Tilby rådgjeving til bransjen	SK/ Atheno	6
Reiseliv og kultur	• Utvikla ny eigarstrategi for Ryvarden Kulturfyr KS	SK	7



Prioritert område	Tiltak	Finansiering	Prioritet
Kommunen som tilretteleggjar	Kommunen skal sørge for rettleiing innan næringsutvikling, etablering og marknadsføring	SK / næringa / statleg verkemiddelapparat	1
Kommunen som tilretteleggjar	Delta i regionale utviklings- og samarbeidsprosjekt og særskilt støtte opp om utvikling av utdanningstilboda og kompetansemiljø i regionen	SK / næringa	2
Kommunen som tilretteleggjar	Søkja prosjektmidlar hos Vestland fylkeskommune «Handlingsprogram for innovasjon og næring»	SK / næringa	3
Kommunen som tilretteleggjar	Gjennom prosjektet «Ung i Sunnhordland» skal kommunen jobba aktivt med: - Få ungdommar til å flytta «heim» etter endt utdanning - Motivera til etablering av nye verksemder i kommunen, særskilt innan kunnskapsbaserte næringar - Vidareføra samarbeidet med Ungt Entreprenørskap Rogaland	SK / Atheno / næringa	4
Kommunen som tilretteleggjar	Utvikla marknadsføringsstrategi med fokus på auka arbeidsmarknadsattraktivitet og auka busetnadsattraktivitet	SK / næringa	5
Kommunen som tilretteleggjar	Samarbeida med Sveio Næringsforum og ha ein politisk vald observatør i styret	SK	6



Prioritert område	Tiltak	Finansiering	Prioritet
Bylyst	Arbeida aktivt i samsvar med markedsføringsstrategien og vidareføra denne	SK	1
Bylyst	Jobba for varierte arbeidsplassar for å sikra framtidige arbeidsmoglegheiter	SK / Atheno / næringa	2
Bylyst	Motivera til etablering av nye verksemdar i kommunen med vekt på kunnskapsbaserte næringar kompetansearbeidsplassar	SK / Atheno / næringa	3
Bylyst	«Ung i Sunnhordland» prosjektet	SK / Atheno / næringa	4
Bylyst	Få ungdommar til å flytta «heim» etter endt utdanning	SK / Atheno / næringa	5
Bylyst	Instagram skal brukast som hovudkanal ift bulyst.	SK	6
Bylyst	Vidareføra samarbeidet med Ungt Entreprenørskap Rogaland	SK / Atheno / næringa	7
Bylyst	Ha dedikert person til arbeid med sosiale media	SK	8



Figur 7 Marknadsstrategiar er viktig. Modellen nedanfor vart laga av Atheno for Sveio kommune ifm Bulyst- prosjektet



Prioritert område	Tiltak	Finansiering	Prioritet
Grøn Sveio	Energi- og klimaplan (2011-2016) vedteken prolongert i 2019 : Ny klimaplan 2022	SK	1
Grøn Sveio	Innkjøp - Stilla berekraftskrav til leverandørar	SK / næringa	2
Grøn Sveio	Stilla samfunnsansvar, vera tydelege i kravsettinga	SK / næringa	3
Grøn Sveio	Få berekraftsperspektivet sterkare inn i kommunale planar	SK	4
Grøn Sveio	Sveio kommune må setta seg inn i «Grøn region Vestland»- rapporten og bruka den aktivt i vidare arbeid og planar	SK	5

Prioritert område	Tiltak	Finansiering	Prioritet
Næringsutvikling og plan	Innarbeida næringsområde i arealdelen til kommuneplanen tett opp mot føremålstenleg infrastruktur	SK	1
Næringsutvikling og plan	Sikra tilgjengelege næringstomter på utvalde næringsområde i Sveio kommune	SK	2
Næringsutvikling og plan	Gjennom arealdelen i kommuneplanen sikra næringsområde i tilknytning til ny E39	SK	3
Næringsutvikling og plan	Utgreia om overskotsmassar frå ny Bømlafjordtunnel og ny E39 best kan nyttast til ulike tiltak i Sveio kommune	SK	4